

Folk som hadde lang veg til kyrkja som t.d. frå Gulen, Botnane og Frøya, kom ofte laurdagskvelden til Grotle. Heile huslyden var ofte med til kyrkja, og om hausten gjekk dei vaksne til alters når dei hadde fått avlinga si i hus.

Dei fleste som skulle til kyrkja kom sjøvegen, og det vitnar dei mange stadnamna der om. Vi finn namn som til dømes Kyrkjevågen, Kyrkjeholmane, Kyrkjestøa, Brura og Bruraskjeret i strandområdet utanfor kyrkjegarden.

Når det tilreisande kyrkjefolket skulle overnatte, vart nok husa på Grotlegardane godt utnyttta natta før ein preikesøndag. Dei hadde med sin eigen mat som dei oppbevarte i egne nisteskrin. Dei hadde med finklede til bruk i kyrkja i eit anna skrin. Sjølv om dei reiste til kyrkja søndags morgon, tok dei ikkje kyrkjekleda på seg før dei var komne ut av båten. Desse kleda måtte vere fine og skulle vare lenge.

*«Det var mannjamn samling om kyrkja. Mange båtar stemnde til Grotle frå alle kantar i soknet. Ein stille sumarsundag var det nok eit fagert syn å sjå alle båtane på fjorden, og folket som stemnde mot kyrkja. Om dei kunne vera høgrøysta elles, vart dei stille i mælet når dei steig inn på kyrkjegarden. Om dei var uvenner elles, handhelsa dei likevel når dei møttest ved kyrkja.*

*Kyrkjekleda var i rike fargar, særleg mannsbunaden. Karane gjekk i stutt-trøye og knebukse, kvite sokkar med rosute sokkeband med duskar. Trøya var open, so vesten med sylvknappane kom godt til syne. På hovudet hadde dei topplue med dusk. Konene hadde svart lue med kvit lin under. Gjentene hadde blå lue, stakk og liv av ymse farga ty».*

*(Bremanger herad 1866-1966).*